

KONGELEG RESOLUSJON

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsråd: Heidi Grande Røys

Ref nr.:

Saksnr.: 200701023

Dato: 06.02.2008

Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter

1. Kva saka gjeld

Med heimel i lov 16. juni 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser § 11 a legg departementet fram forslag til forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige anskaffelser.

2. Høyringa og departementet sine vurderingar

Forskriftsutkastet har vore på alminneleg høyring.

Høyringsinstansane er positive til at ein skal motarbeide sosial dumping, sjølv om mange ikkje ynskjer å forskriftsfeste ein kontraktsklausul om løns- og arbeidsvilkår. Somme meiner regjeringa burde vente med å setje i verk reglane, dels til den rettslege situasjonen er betre avklåra, dels til dei økonomiske og administrative konsekvensane er betre utgreidde og dels slik at ein kan samordne ulike parallelle tiltak betre. Reglane er eit ledd i arbeidet mot sosial dumping, og bør difor likevel gjennomførast så raskt som mogeleg, i tråd med Soria Moria-erklæringa.

Krav til kontraktsklausul om løns- og arbeidsvilkår

Forskrifta pålegg offentlege oppdragsgjevarar å nytte kontraktsklausular som skal sikre løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkomande stad og yrke. Det er stor semje blant høyringsinstansane om at det trengst ei presisering av kva som er "normale" løns- og arbeidsvilkår, men dei er delte i synet på løysinga. Departementet viser til at ei viss klårgjering er gjeven i Ot.prp. nr. 7 (2007-2008).

Terskelverdi

Høyringsinstansane har svært ulike meininger i synet på terskelverdiar. Omsynet til òg å verne arbeidstakarar under kontraktar av lågare verdi, står mot omsynet til at det kan vere ressurskrevjande å vere underlagt forskrifta. Fleire reagerer på at terskelen er sett for lågt

for byggje- og anleggskontraktar. Høvet til å late kontroll- og sanksjonsplikta berre gjelde for kontraktar av høgare verdi, vert nemnt. Departementet meiner krava knytte til bruk av kontraktsklausular og oppfølging av desse bør avgrensast til kontraktar av ein viss storleik, då ein ikkje bør stille for store krav til bruk av ressursar på oppfølging av kontraktar med låg verdi, og at EØS-terskelverdiane er ei tilrådeleg grense. EØS-terskelverdien for byggje- og anleggskontraktar er likevel svært høg, og ein meiner difor at EØS-terskelverdiane for tenestekontraktar er eit godt kompromiss og ei tilrådeleg grense. EØS-terskelverdiane for tenestekontraktar vert endra med jamne mellomrom, og departementet forventar at dei snart vert endra til 1,05 millionar kroner for statlege styresmakter og 1,65 millionar kroner for andre oppdragsgjevarar. Departementet gjer difor framlegg om å la desse verdiane gjelde som terskelverdiar i *forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter*.

Kontroll og sanksjonar

God oppfølging av klausulen er viktig for at dette skal vere eit effektivt verkemiddel mot sosial dumping. Likevel bør ikkje kostnadene ved ordninga overstige dei gevinstane som vert oppnådde. Forskrifta krev difor at oppdragsgjevar skal gjere naudsynte kontrollar av om krava til løns- og arbeidsvilkår vert haldne. Graden av kontroll kan tilpassast det som trengst i vedkomande bransje, geografiske område mv. Kontrollen kan skje ved bruk av stikkprøvar, og det er naturleg at ein har hyppigare kontrollar i område og bransjar der ein er kjend med at sosial dumping er eit problem.

Høyringsinstansane viste motstand mot å late kontroll- og sanksjonsoppgåva liggje hos oppdragsgjevar, og det vert hevda at denne i staden bør liggje hos eit offentleg tilsynsorgan. Det vert mellom anna vist til den ressursbruken som trengs i samband med å utføre kontroll, at balansen mellom oppdragsgjevar og leverandør i eit elles privatrettsleg tilhøve vert endra, og at oppdragsgjevar kan mangle insitament til å etterprøve at forskrifta vert halden. Departementet har lagt avgjerande vekt på at lova gjev heimel til å påleggje oppdragsgjevar denne plikta.

Forskrifta vil på somme område verte overlappande med *forskrift om informasjons- og påseplikt og innsynsrett* ved allmenngjering av tariffavtaler som er under utarbeiding av Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Departementet legg til grunn at den kontrollen og rapporteringa som må til for å oppfylle tilsynsplikta, normalt vil gje den dokumentasjonen ein offentleg oppdragsgjevar kan krevje etter *forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter*.

Under høyringa av lova kom det få innvendingar mot framlegget om høve til å halde tilbake heile eller delar av kontraktsvederlaget dersom ein leverandør ikkje etterlever kontraktsklausulen om løns- og arbeidsvilkår. Forskrifta krev at oppdragsgjevar skal tinga seg retten til å gjennomføre naudsynte sanksjonar.

3. Skjæringspunkt for plikter etter forskrifta

Oppdragsgjevar pliktar å ta inn informasjon om kontraktsklausulen i kunngjering eller konkurransegrunnlag. Departementet legg til grunn at pliktene etter forskrifta gjeld for konkurranser som oppdragsgjevarar kunngjer frå ikrafttredingssdato, 1. mars 2008.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r

Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter vert fastsett i samsvar med vedlagde forslag.